

Møtebok 16.09.2020

Arkivsakid-doknr: 20/175-7
Journalpostid: 20/6836

Saksh: Glenn Wiik
Telefon: 53673535

Arkivkode K1-033
Dato: 17.09.2020

Eidfjord råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Frammøte: Sigrid Bu, Harald Næss, Marete Sæbø, Johanna Håbrekke, Frode Eriksen, Magnar Røise.

Ikkje møtt: Ole-Johnny Odland

Sak 10

Godkjenning av møtebok

Det var ingen merknader til møteboka. Møteboka godkjent.

Sak 11

Uteområdet ved bygdaheimen

Leiar ved bygdaheimen, Karin Flatabø Thrane, deltok på møtet. Temaet var uteaktivitetar rundt bygdaheimen, TV-overføring frå kyrkja, vintervedlikehald rundt bygdaheimen og manglar med rekkverk mot sentrum. Me har tidlegare sett i katalog gode forslag til uteaktivitetar som kan vera til glede for både bebruarar og andre som vitjar bygdaheimen. Me vil koma med konkrete forslag, og vert me samde med bygdaheimen kan me søkja om midlar for å realisera idéane. M.a har Sparebank Vest tidlegare gjeve midlar til gode føremål.

Vintervedlikehaldet rundt bygdaheimen er ikkje godt nok. Det er manglar både ved brøyting og strøing. Me vil ta kontakt med kommunen ved Drift & Forvaltning og be dei sjå nærare på dette til vinteren.

Rekkverket langs bygdaheimen mot sentrum er ikkje sikkert nok. Her kan ein skli under og rutsja utfør bratt skråning. Med enkle grep kan dette sikrast på ein god måte.



Sak 12

TV-overføring til bygdaheimen

TV-overføring frå ulike arrangement i kyrkja har alltid vore populært hjå bebuarane på bygdaheimen. Det fungerer ikkje som det skal, og det er noko uklart kvifor det er slik. Er det for dyrt? Tekniske problem? Omsyn til personvern? Leiari på bygdaheimen snakkar med presten og prøver å få svar på kva som manglar og som må gjerast.

Sak 13

Fleire utebenkar, både i Eidfjord og Ø.Eidfjord

Det har vore etterspurd fleire benkar både i Eidfjord og Ø.Eidfjord. Kultursjef, Lisbeth B. Celik, informerte om at det er plassert ut fleire nye benkar i Eidfjord og at ynskjet om fleire og i Ø.Eidfjord er motteke. Dessutan er det døme på øydelagte bankar som anten må reparerast eller erstattast.

Sak 14

Manglande svar på innspel til kommunen

Rådet saknar svar på ulike innspel til kommunen over lang tid. Me ynskjer difor å koma i dialog med leiinga i kommunen for å diskutera korleis Eidfjord råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne skal gjera det i framtida slik at me sikrar oss respons på forslag me kjem med i ulike sakar av interesse for rådsmedlemene.

Sak 15

Dagsturhytter

Kultursjef, Lisbeth B. Celik, deltok på møtet og orienterte om framdrifta når det gjeld dagsturhytte i Eidfjord kommune. Det er nedsett ein komite som arbeider for å finna høveleg stad for ei slik hytte. Det er fleire kriterium som skal oppfyllast: det skal ikkje vera naudsynt å reisa med bil meir enn 15 minutt, det skal ikkje vera bilveg heilt fram, det skal vera ein gåtur på opp mot $\frac{1}{2}$ til 1 time til hytta, det må vera ein vedlikehaldsavtale for hytta, hytta skal vera eit lågterskeltilbod, dvs. dei fleste av oss skal kunna nyttre tilboden.

Alle desse kriteria MÅ ikkje vera oppfylte, men det største problemet er å finna ein stad der flest mogleg av kriteria er oppfylte. Rådet ynskjer melding når hyttelokalisering er endeleg. Planen er at hytta skal vera klar til bruk før sommaren 2021.

Sak 16

Ymse

- Pga.koronasituasjonen vert det fleire webinar og færre kurs og seminar. Det siste tilboden var webinar over 2 dagar om m.a. teknologi i eldreomsorga. Det var for liten interesse til at webinaret vart gjennomført.
- Uoversiktleg kryss i Ø.Eidfjord. Midt i krysset i sentrum Ø.Eidfjord står det eit reklameskilt. Dette er plassert slik at sikta i krysset er kraftig redusert. Dette kan i verste fall føre til ulukker.
- Parkeringsplassen ved busstoppen i sentrum Ø.Eidfjord er nytta som privat lagerplass for båtar, tilhengar og anna utstyr. Det ser ikkje pent ut og bør ryddast vekk.
- Bussen parkerer midt i vegen ved busstopp i sentrun Ø.Eidfjord, ofte i lang tid. Dette er til stor sjenanse for andre vegfarande, det gjer vegen uoversiktleg og er potensielt trafikkfarleg. Bussen burde nytta parkeringsplassen som er der sjølv om det er tungvint og tek ekstra tid.


- Eidfjord råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne vil forfatta eit skriv til kommunen der me bed om at nemnde punkt vert gjort noko med.

undertegniffrar:

Marte Søbø

Frode Edm

Med venleg helsing
Eidfjord kommune


Glenn Wiik
sakshandsamar

Kopi til arkiv og kopibok